



Framtidas oppvekst, fase 2

BARNESKULE

OPPVEKSTSEKTOREN

POLITISK BESTILLING

Einstemmig KST-vedtak 11.09.2024

1.2 Kommunestyret ber kommunedirektøren om å iverksette eit forprosjekt for utgreiing av ein felles barneskule i Sauda.

I forprosjektet skal ein sjå på:

- Ulike alternativ til løysingar for- og plassering av eit nytt skulebygg
- Ulike kostnadsalternativ (låg/medium/høg)
- Etterbruk av dei bygg/anlegg som ikkje blir bruk
- Kostnader og tiltak for trygg skoleveg
- Ulike løysingar for idrettshall/flerbrukshall knytta til eit nybygg

b) Kommunestyret ber kommunedirektøren om å leggje fram forprosjektet som ei sak, før endeleg investeringsbeslutning.

c) eit kunnskapsgrunnlag for framtidens helse og velferd leggast fram for kommunestyre før det tas ein investeringsbeslutning.

d) Om kommunestyret vel å gå vidare med saka etter forprosjektet, skal det vere ei prosjektering, og kommunen får ein pris på arbeidet. Kommunestyret får deretter ei sak der dei må ta stilling til om dei vil gå vidare med prosjektet.

e) Om kommunestyret vel å gå vidare med prosjektet etter prosjektering og pris er innhenta, blir prosjektet lagt ut på anbod. Om anbodsprisane er innanfor dei vedtekne rammene, går ein vidare med prosjektet. Om prisane er utanfor rammene, vil kommunestyret få ein ny sak der dei må ta stilling til kostnadsnivået.

f) Kommunestyret ber om å oppdateringa undervegs i arbeidet.

g) Kostnadar til forprosjekt blir innarbeidd i budsjett 2025

Fase 2 er eit skisseprosjekt/moglegheitsprosjekt

- Eit skisseprosjekt er eit idêstadium, og *kan* gi eit godt nok kunnskapsgrunnlag for å ta eit retningsval.
- Eit skisseprosjekt gir *moglege løysingar* for kva ein kan gjere, men opnar for at det er andre måtar å løyse oppdraget på når ein kjem til eit meir detaljert nivå i prosjektet, til forprosjekt-nivået.
- Skisseprosjekt er ein kreativ og open fase.
- Det er vanleg å gjennomføre eit steg med skisseprosjekt, før ein kjem til ei meir detaljert planlegging (forprosjekt.)
- Forprosjekt har, naturleg nok, høgare kostnadar enn eit skisseprosjekt. Dei økonomiske rammene tildelt fase 2 tilsa eit skisseprosjekt.
- Etter eit forprosjekt skal ein ha informasjon nok om korleis ein skal byggje til at ein er trygg på at prosjektet er gjennomførbart.
- Ulike kostnadsalternativ er ikkje del av denne rapporten. Det kjem i eit forprosjekt, når ei tomt er valt ut.



Fløgstad skule



Foto: Sauda kommune

Foto: Trond Isaksen, Riksantikvaren



Foto: Sauda kommune



Veslefrikk

Austarheim skule

Ulike alternativ til løysingar for- og plassering av eit nytt skulebygg

Vedteke av kommunestyret i desember 2025


Tomteareal

- Kommunestyret har vedteke at det skal vere 50 kvm per elev i uteareal.
- Det er ei anbefaling frå Helsedirektoratet. Ikkje eit lovkrav.
- Det har vore ute på høyring eit forslag om å ha 50 kvm som lovkrav i områder med spredtbygde områder (utanfor by og tettstrok) og 30 kvm i urbane strøk (tett bebyggelse) Resultatet av høyringa er ikkje klar.
- Svært mange skular i Noreg vil streve med å møte kravet om 50 kvm per elev.
- AFRY har lagt til grunn 50 kvm i sitt arbeid.
- Alle dei aktuelle tomtene (vedtak kommunestyret) ligg i områder med tettare bebyggelse. Det er grunn til å tru at 30 kvm eventuelt blir lovkravet for desse.
- Kompenserande tiltak til areal er god planlegging og godt utnytta areal. Kvalitet kan kompensere for kvantitet. Nært tilgjengeleg friområde/grøntareal kan også kompensere.
- Det er likevel flott å vere ambisiøs for god plass ute og inne for barn og unge si utvikling!



Foto: Leirvig skule, Stavanger

Tomt Austarheim skule



Figur 4 Illustrasjon som viser eksisterende bebyggelse og hvilke deler av bygget som blir endret, revet, og hvor nybygg etableres.



Kva blir brukt av eksisterande bygg?

- Det som i dag er administrasjonsbygget blir rive, og det blir bygd nytt i to etasjar.
- Dagens klasseromsfløyar blir brukt vidare, oppgradert og noko endring i funksjon.
- Ny gymsal.
- Administrasjon i i 2.etasje nybygg.



Foto: Suda kommune




Uteareal 350 – 400 elever



Tomt Austarheim

- Elevane ved skulen har i dag 87,4 kvm utearael per elev.
- I ein skule med 350 elevar får elevane 35,7 kvm per elev, utan utvidingar av uteareal.
- Skal ein leggje til grunn 50 kvm per elev, er det behov for å ta av arealet som er sett av til framtidig gravlund.
- Det same gjeld om ein skal utvide til 400 elevar.



Figur 9 Diagram som viser eksisterende bygningskropp, og nybygg i grønn. Ingenting blir revet.


Tomt Fløgstad skule

Kva blir brukt av eksisterande bygg?

- Ingenting blir rive (verneverdig)
- Underetasje – arbeidsrom til lærarar, personalrom m.m.
- 1.etasje – arbeidsrom til lærarar, helsesjukepleiar, STOLT-avdeling (særskilt tilrettelagt opplæringsavdeling) og lager.
- 2.etasje – Undervisningsrom
- 3.etasje – Spesialareal (mat & helse, kunst & handverk, naturfag og andre fagrom som blir brukt nokre gonger per veke av klassar.)
- Glassbygg mellom gamalt og nytt bygg gjer at det er ope mellom delane og lett tilgang. (Myldreområde/fellesområde)
- I hovudsak er elevareal i nybygget.



Foto: Suda kommun



Uteareal 350 – 400 elever

Tomt Fløgstad


- Elevane ved Fløgstad skule har i dag 28,8 kvm uteareal per elev.
- Om ein legg 50 kvm til grunn, vil det omfatte det meste av Lofthus gard, ved 350 elevar.
- Skal ein utvide til 400 elevar vil det også omfatte ny enebolig til gårdeigar.
- Om ein går ned til 30 – 40 kvm uteareal per elev, vil det gjere at ein ikkje treng å leggje beslag på så mykje av Lofthus gard.
- Eigiar av Lofthus gard og eigiar av enebolig like ved Fløgstad skule er positive til ein dialog med kommunen om tomteareal.



Nytt skulebygg på tomt ved Fløgstad skule

- Om Fløgstad skule kan og skal brukast til andre føremål, kan det vere plass til å byggje eit heilt nytt skulebygg på Lofthus gard.
- AFRY har vurdert det som sannsynleg at det er plass til å byggje ein heilt ny skule til 350 elevar på Lofthus gard, men ikkje med utviding til 400 elevar – om kravet er 50 kvm uteareal per elev.
- Om ein går ned på kravet til uteareal, kan ein byggje også til 400 elevar.
- Det er ikkje gjort eit moglegheitsstudie av denne løysinga i dette prosjektet, men ein kan sjå til tomt Veslefrikk for ca kostnadar for nybygg.





Konsept 4

Tomt Veslefrikk



Uteareal 350 – 400 elever

Tomt Veslefrikk

- Tilgjengelig tomteareal kan gi 49 kvm uteareal per elev, ved 350 elever.
- Om ein skal utvide til 400 elever, gir det 43 kvm uteareal per elev.



Dette er AFRY sine forslag til løysingar

Ingenting er «låst», det er mogleg å finne andre løysingar.

Oppgradering av dagens barneskular

- Oppgradering av dagens barneskular har ikkje vore ein del av det opphavlege oppdraget.
- For å gi kommunestyret eit godt og heilskapleg kunnskapsgrunnlag, har kommunedirektøren likevel innhenta informasjon om kostnadane ved ei slik oppgradering.
- Det har òg vore viktig å vurdere om dagens skulelokale kan utviklast til funksjonelle og tidsriktige opplæringsarenaer.




Oppgradering av dagens barneskular vs ny barneskule tomt Austarheim



Oppgradering av dagens barneskular vs ny barneskule tomt Fløgstad



Oppgradering av dagens barneskular vs ny barneskule tomt Veslefrikk



Økonomiske forhold utover byggjekostnader


I tillegg til byggjekostnader vil kunnskapsgrunnetilaget til kommunestyret også gi informasjon om:

- Potensiale for innsparing i bemanning gjennom stordriftsfordelar (skule og SFO)
- Kostnader knytt til renter og avdrag for dei ulike alternativ

Dette er per nå ikkje rekna ferdig.

FDVU-KOSTNADER

Kostnader knyttet til Forvaltning, Drift, Vedlikehold og Utvikling gjennom hele byggets levetid



i FDVU-kostnader kommer i tillegg til investeringskostnaden (bygging) og påvirker de totale kostnadene gjennom hele byggets levetid.



Trygg skuleveg

- Det er kostnader knytt til alle tre tomter for trygg skuleveg.
- Elevar i 1.klasse med lengre enn 2 km skuleveg, og elevar i 2. – 7.klasse med lengre enn 4 km skuleveg, har rett til å skuleskyss. Det er fylkeskommunen som betalar denne.
- Sauda kommune må betale skuleskyss for elevar som har kort nok skuleveg til å kome seg til skulen sjøv, men der skulevegen er definert som særleg farleg.
- Å investere i trygg skuleveg er derfor lurt både i eit helseperspektiv, men også i eit økonomisk perspektiv.
- Det er ikkje kostnadsrekna utgifter i AFRY sin rapport. Dette må vere del av eit forprosjekt, når ein har valt aktuell tomt.
- Fleire må ha skyss ved tomt Austarheim skule.

Fleirbrukshall/idrettshall

- Dette blei vedteke å ta ut av prosjektet i desember 2025.
- Alle alternativ har gymsal.



Etterbruk av bygg og anlegg

- Arkitekt (og saudabu) Guro Håvik har laga ein rapport om etterbruk av Fløgstad skule og om bruk av Fløgstad skule som skulebygg.
- Nokre sommarjobb-studentar laga sommaren 2025 ein rapport som viser mogleg etterbruk av dei andre skule- og barnehagebygg.
- Det er naturleg at det først blir gjort eit val om kva bygg som skal vere med vidare, før ein ser vidare på etterbruk av dei eventuelt ledige bygga.

Transformasjon av oppvekstbygg til sosiale møteplasser

Mulighetsstudier av gjenbrukspotensialet i oppvekstbygg og kunnskapsgrunnlag for flerbrukshall i Sauda kommune.

Erlend Rødsås
Ingeborg Frøystad
Ingvild Mari Johnsen
Sjurd Vefring Stordal

Utarbeidet sommaren 2025



foto: Per Inge Fjellheim

Fløgstad skule

Muligheter for fremtidig bruk



Vurderingskriterier fase 2

Alternativet har inkluderende læringsmiljøer	Inkluderende rammer for alle barn og ansatte. Universelt utformet og har variasjon.
Styrker profesjonsfellesskap og fagmiljø	Gode arbeidsplasser. Det er et pluss hvis det også bidrar til sammenheng med støttetjenester.
Alternativet har god funksjonalitet i bygget	Likeverdige arealer og funksjoner. Ivaretar funksjons- og arealprogram.
Alternativet er robust for endring	Er egnet for endring og fleksibel arealbruk, og er fremtidssikret.
Alternativet bidrar til god områdeutvikling/ by utvikling	Styrker utviklingsområder og sammenhenger i byen.
Alternativet er klimavennlig og bærekraftig	God holdbarhet og miljøvennlige livsløp. Tar vare på natur.
Alternativet sikrer trygge skoleveier/ nærhet for barn i barnehagen.	Trygg adkomst og tilgjengelighet. Geografisk nærhet til boenheter
Alternativet er økonomisk fornuftig	Fornuftig ressursbruk. Har gunstig arealbruk. Gir lave driftskostnader for bygningsmassen over tid. Lav investering.
Alternativet kan bidra til sosial bærekraft	Likeverdige tilbud som styrker de gode sosiale fellesskapene og levekår. Bidrar til identitet og tilhørighet.



Vurderingar

NORCONSULT, fase 1

Basert på samtalar med tilsette, spørreundersøking, statistikk, tal og resultat, samt egne analysar har dei vurdert:

- ✓ Kvalitet
- ✓ Ressursutnyttelse
- ✓ Kompetanse
- ✓ Læringsmiljø
- ✓ Utvikling



AFRY, fase 2

Har vurdert dei bygningsmessige og fysiske forholda ut frå desse kriterier:

- Inkluderande læringsmiljø
- Styrkjer profesjonsfellesskap og læringsmiljø
- God funksjonalitet i bygget
- Robust for endring
- Bidreg til områdeutvikling/byutvikling
- Klimavenleg og berekraftig
- Trygge skulevegar
- Økonomisk fornuftig
- Bidra til sosial berekraft

AFRY sin anbefaling

Tomt Austarheim skule

Blant tomtealternativene vurderes alternativet på Austarheim som det økonomisk mest fornuftige, og alternativet som ut fra en bygningsmessig synspunkt vil være enklest å gå i gang med fordi det er med minst risiko knyttet til tomta.

Tomt Fløgstad skule

En samlet skole på Fløgstad vurderes som et annet godt alternativ med høy arkitektonisk verdi, sentral plassering, historisk forankring, identitet og kulturarv.

Begge alternativene kan realiseres som en velfungerende og funksjonell moderne skole.

Veslefrikk er en økonomisk betydelig dyrere løsning, og på tross av at den har potensiale som svært god og er en robust og fremtidsrettet løsning, er alternativet ikke i sin helhet sterkt nok til å få en anbefaling.

Mål	Tre skoler Oppgradere eksisterende skoler	Ny skole Austarheim	Ny skole Fløgstad	Ny skole Veslefrikk	Tre barnehager Oppgradere eksisterende barnehager	To barnehager Oppgradering og tilbygg
Alternativet har inkluderende læringsmiljøer						
Styrker profesjonsfellesskap og fagmiljø						
Alternativet har god funksjonalitet i bygget						
Alternativet er robust for endring						
Alternativet er klimavennlig og bærekraftig						
Alternativet sikrer trygge skoleveier						
Alternativet er økonomisk fornuftig						


Kva nå?

Kommunestyret får ei sak som eit kunnskapsgrunnlag i juni 2026.


Det er dei som vedtek retningsval for fase 3.



Framtidas oppvekst, prosess



Vidare prosess, basert på gjeldande vedtak



Forprosjekt (detaljprosjektering) blir lagt fram som ei sak. Kommunestyret tar stilling til investering, eller ei. Dette skal også sjåast saman med Framtidas helse/velferd og det må derfor bli laga ein investeringsplan med prioriteringar.

NEI

Kommunestyret seier nei til ein felles barneskule.

Det må gjennomførast ei meir detaljert prosjektering for oppgradering av dagens barneskular.

Plan for oppgradering av dagens barneskular blir lagt fram til politisk handsaming og oppgraderingar må gjennomførast etter ein investeringsplan i åra framover.

JA

Kommunestyret seier ja til ein felles barneskule på x tomt.

Vidare prosess:

- 1) Prosjektering – kommunen får ein pris på arbeidet. (Vedtak pkt d)
- 2) Om kommunestyret seier ja etter informasjon frå pkt 1) blir arbeidet lagt ut på anbod. (Vedtak e)
- 3) Om anbudet er innanfor dei vedtekne rammene, går ein vidare med arbeidet. Om anbudet er høgare enn dei vedtekne rammene, må kommunestyret ta stilling til saka på ny. (Vedtak e)

I følge Norconsult er den raskaste prosessen dei har vore borti 4 år, frå vedtak til skulebygget er klart til bruk.

Ved endeleg vedtak etter pkt. 3 ila 2028 eller 2029, kan ein ny felles barneskule tidlegast stå klar i 2032-33, om det følgjer det som Norconsult beskriv som ein rask prosess.

Når ein felles barneskule kan stå klar vil også vere knytt til prioriteringar mellom oppvekst og helse/velferd ift investeringsplan.

Samarbeidsutvalet sine vurderingar

1. Kva alternativ meiner de er best for elevane og kvaliteten i skuletilbodet – og kvifor?
2. Kva positive og negative konsekvensar ser de ved ein felles barneskule samanlikna med dagens struktur?
3. Kor viktig er nærleik til skulen opp mot større og meir robuste fagmiljø?
4. Kva bør prioriterast høgast i utforming av skulebygg og uteområde?
5. Er det viktige forhold de meiner ikkje er godt nok belyst før politisk vedtak?

Send svar på dei spørsmål de vil svara ut som referat frå sak.

Send til post@sauda.kommune.no

Frist: 01.mai 2026